

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/129

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Risp garn og interiør - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Vedlegg:

resultset_3509_1.pdf

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rips garn og interiør as søker om støtte/tilskot på kr. 27.375 av ei investering på kr. 36.500 gjennom kraftfondet til innkjøp av strikkemaskin og mønsterproduksjon.

Vurdering

Rips garn og interiør as fekk innvilga tilskot jf. kraftfondsak 3/15 med kr. 15.000 som utgjorde 100% av kalkulert kostnader ved utarbeiding av Masfjord-kofta. Vedtektene til kraftfondet § 5 tilseier støtte med hhv. inntil 25/75% avhenging av form. Ein la den gong til grunn at prosjektet var å sjå på som eit marknadsføringstiltak av kommunen under budsjettposten profilering av kommunen/div i kraftfondsbudsjettet for 2015. Når ny søknad føreligg, ser ein støtte frå kraftfondet samla, og legg til grunn hovudkriterie i vedtektene, samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte". Samla kostnader for desse to prosjekta utgjer i overkant av 50.000,- og med tilskot tidlegare med 15.000 er ein innafor 25% stønad, og ein tilrår ikkje ytterlegare støtte til Rips garn og interiør as i denne omgang.

Fakta

Viser til søknad og sakstilfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.

Kraftfondsstyret - 010/2015**KRFT - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Rips garn og interiør as får ikkje støtte til omsøkte prosjekt ut i frå tidlegare tildeling/tilskot i 2015.